



HANSEN RUNE LEANDER

5568 VIKEBYGD

Areal og forvaltning

Saksh: Berit Hetland

Tlf: 53 65 65 63

Dato : 31.03.2014

Vår ref: 14/4612

Dykkar ref:

Arkiv: K1-

Ikkje offentleg

§13-Opplysningar som er underlagde teieplikt

**MELDING OM ADRESSETILDELING - ENDRING FRÅ
MATRIKKELADRESSE TIL VEGADRESSE**

Utval drift, utvikling og kultur er kommunen sin adressemynde og har i fleire møter gjort vedtak om vegnamn. Alle bygningar nytta til bustadføremål, fritidsføremål, næringsverksemd, offentleg verksemd og anna verksemd som tener eit større publikum får eigne adresser.

Adressevedtak:

Det er gjort vedtak om at dykkar eigedom som har matrikkeladresse 319/7/0/0 har fått Vikevegen 1808. som offisiell adresse med verknad frå 05.05.14. Vedtaket er gjort i medhald om Lov om eigedomsregistrering, Matrikkellova §21 med tilhøyrande forskrifter. Alle adresseverdige bygg på eigedomen skal ha eiga adresse, sjå vedlagt kartutsnitt. Den tildelte vegadressa er også den nye postadressa dersom ikkje postboks eller anna er avtalt med Posten

Registrering

Kommunen registrerar adressa i Matrikkelen som er det nasjonale registeret for grunneigedomar, bygningar og adresser. I tillegg informerar vi Posten. De må sjølv gi melding til private kontaktar om den nye adressa. Posten har laga ei enkel løysing slik at du raskt kan informera kontaktane dine om den nye adressa. Sjå posten.no/meld-ny-adresse. Dersom du har spørsmål til Posten kan du kontakte kundeservice på telefon 04004 eller internett posten.no

Denne orienteringa vert berre sendt grunneigar, og de må sjølv orientera eventuelle leigetakarar.

Alle personar er registrerte med ei bustadadresse i folkeregisteret, anten ei vegadresse eller ei matrikkeladresse. Matrikkeladressa er gardsnummer, bruksnummer, (eventuelt undernummer og eventuelt festenummer). Når kommunen nå omadressere frå matrikkeladresse til vegadresse, vil alle personar som er registrerte på ei matrikkeladresse, **automatisk** bli overflytta til den nye vegadressa i Folkeregisteret.

Dersom det er fleire bustadhus på eigedomen, kan de sjekke med Folkeregisteret at de er knytt til rett vegadresse, men først etter dato som er oppgitt i brevet, at adressa

er tatt i bruk . Kontaktperson hos folkeregisteret er Berit Fjell tlf 52865121.
Kommunen kan ikkje endre data i folkeregisteret.


Skilting

Huseigar (heimelshavar) er ansvarleg for å setje opp nummerskilt, jf Matrikkelforskrifta § 57. Kommunen tilrår at det vert nytta **kvite reflekterande** skilt med svart skrift. Dette, i tillegg til synbar plassering, gjer det lett å finne fram også i mørket. Av omsyn til blålysetatane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd. Sjå vedlagt informasjonsskriv for meir detaljer om utforming av husnummerskilt.

Kommunen set opp vegnamnskilt og tilvisingskilt ved sideveggar der det er trong for det.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ynskjer det.
Kontakt prosjektleiar Berit Hetland 53656563, eller på e-post berit.hetland@vindafjord.kommune.no.

Med helsing



Berit Hetland
Prosjektleiar

Klage

*Vedtaket kan etter matrikkellova § 46 f og matrikkelforskrifta § 22 påklagast.
Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til. Det er bare eigar som kan klage og klagefristen er 3 veker etter brevet er motteke, jamfør forvaltningslova.*

§28-36.Eventuell klage skal sendast skriftleg til Vindafjord kommune v/ prosjektleiar Berit Hetland, Kommunaltekniske tenester, 5585 Sandeid som vil vidarese den til fylkesmannen i Rogaland dersom klagen ikkje blir teken til følgje.

Orientering om tildeling av vegnamn og husnummer i Vindafjord kommune

Føremålet med eit godt adresssystem er angitt i matrikkelforskrifta § 49 der det heiter:

"Adresser og skilt skal sørge for at alle på en lett og forståelig måte kan identifisere og finne fram til bygninger, atkomst til bygninger, boliger og andre prosjekter eller steder som det er viktig å finne fram til. Adressen skal også tjene som stedfestingsobjekt og nøkkel til aktuell informasjon i private og offentlige registre og arkiv. Føring av adresser i matrikkelen skal bidra til et felles adresssystem for hele landet"

Kva er ei offisiell adresse?

Eit vegnamn, husnummer og eventuelt eit bustadnummer. Ein bustad eller eigedom som har offisiell adresse, vert kalla ei adressering.

Korleis vert adressa tildelt?

Ei adresse skal ha adresse frå vegen som gjev tilkomst. Det er 3 hovudprinsipp for adressering.

- **Kantprinsippet**

Blir nytta der ein har tett med bygningar langs ein veg. Nummereringa startar med oddetal på høgre side av vegen og partal på venstre side. Nummereringa blir tildelt fortløpande med avsetting av ledige nummer for eventuelle framtidig utbygging.

- **Avstandsprinsippet**

Blir nytta på vegar med spreidd busetnad. Ein brukar avstand langs vegen delt på 10 for tildeling av nummer. Det vil seie at adressenummer blir tildelt i høve kor langt adressa ligg frå starten på vegen. (avstand 430 m, gir adressenummer 43 eller eventuelt 42/44 - oddetal/partal)

Der ein sideveg har same vegnamn som hovudvegen, blir avstanden rekna frå der sidevegen tek av frå hovudvegen.

- Der sidevegen tek av på venstre side av hovudvegen, vil det bli tildelt partal til alle adresseeiningane på sidevegen. Nummereringa vil følgje kanten av sidevegen med stigande nummer.
- Der sidevegen tek av på høgre side av hovudvegen, vil det bli tildelt oddetal til alle adresseeiningane på sidevegen. Nummereringa vil følgje kanten av sidevegen med stigande nummer.

- **Områdeadressering**

Blir nytta der ein ikkje har eit klart definert vegsystem. Hytteområde er eksempel på det.

Kven har ansvar for skilting?

Kommunen set opp og har ansvar for vedlikehald av vegnamnskilt og tilvisingsskilt. Huseigar har ansvar for å setje opp eige husnummerskilt. Kommunen tilrår reflekterande skilt som er lett å få auga på i mørket. Er huset tilbaketrukke frå vegen, bør ein også ha husnummerskilt ved innkjørsla.

Eksempel på nummerskilt med 2 siffer. Figur henta frå Kartverket sin adresseveiledar.




Nummerskilta kan ein få kjøpt via nettet. Ved å bruke søkeordet "reflekterande husnummerskilt", vil det kome opp fleire forhandlarar. Ein kan og henvende seg til dømes hos Coop Marked, Sandeid tlf. 52761284 og Ølen Byggmix tlf. 53766230 og få kjøpt skilt der.

Adressenummerskilta er siste ledd i vegvisningskjeda. Det er viktig at alle hus er nummerert og husnummerskiltet er plassert slik at det er godt synleg for dei som skal finne fram.

Adressetilleggsnamn


Av matrikkelforskrifta §54 første ledd går det fram at eigar av gardsbruk kan søke kommunen om å få garden sitt bruksnamn som tillegg til den offisielle vegadressa. Meir informasjon om adressetilleggsnamn finn du på nettsida til Kartverket eller ved å vende deg til kommunen.



Vindafjord kommune

Adressekart for Vikevegen

Dato 27.03.2014
Målestokk 1:6000



Matrikkel Adresse

- Planlagt Vegadr., Planlagt
- Planlagt Vegadr., Varsel sendt
- Planlagt Vegadr., Uttalefrist ute
- Planlagt Vegadr., Uttale mottatt

Plasering skilt

